

Bortom tid og rom og tanke

T: Heidi Strand Harboe 1999

M: Carl Petter Opsahl 1999

The musical score is written in treble clef with a key signature of one flat (B-flat) and a 3/4 time signature. The melody is accompanied by chords: A7, Dm, Gm, and D. The lyrics are written below the notes.

Bor-tom tid og rom og tan - ke Finst ein stad der alt er
ann - leis Finst ein stad der alt er hei - lag Finst ein
stad der Kris - tus er Nær min trøyt - te red - de
tan - ke Nær min draum, min lengt, mi styr - ke Nær mitt
liv og alt eg le - ver Det er godt å ve - ra der

2. Gjennom ørsmå hol i dagen
Får eg venda mine tankar
Ta eit lite steg til sides
Søkja Herren, han som er
Gjennom tause, mørke bøner
Gjennom lått og gjennom jubel
Leggja fram for Herren Kristus
Alt det livet som eg ber

3. Når eg pustar, når eg tenkjer
Når eg ler, og når eg sørgjer
Finna ørsmå hol i dagen
Som gjer Kristus sterk og nær

Der eg lever midt i livet
Midt i verda, midt i dagen
Ber eg med meg Kristi kjærleik
Det er lys og salt eg er

4. Jesus ver i mine dagar
I alt livet som kjem mot meg
Ver i mine glade timar
Mine skjelvande sekund
La meg leva sterkt og nakent
Våga sjå, og våga høyra
Våga leva midt i livet
Våga trå på heilag grunn